



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
054/23	Formannskapet	16.02.2023
002/23	Kommunestyret	16.02.2023

Planvedtak - detaljreguleringsplan E39 Storehaugen – Førde

Vedtak i Kommunestyret 16.02.2023:

Detaljreguleringsplan E39 Storehaugen – Førde med plankart og føresegner revidert 01.02.2023, vert vedteke i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12.

Vedtak av ny detaljreguleringsplan vil erstatte delar eller heilt av gjeldande reguleringsplanar og utbyggingsplan: Fv. 57 Perhaugen – Storehag (planid 143020180001), Espeland, del av gbnr. 110/4 (planid 143020070004), Kårstad transport AS (planid143019970002), Skilbrei (planid 143019970001), Førde - Bruland Pars. A og C (planid 143219850033) Bruland, - gbnr.60/8 (planid 14320021002).

Innstilling frå Formannskapet 16.02.2023:

Detaljreguleringsplan E39 Storehaugen – Førde med plankart og føresegner revidert 01.02.2023, vert vedteke i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12.

Vedtak av ny detaljreguleringsplan vil erstatte delar eller heilt av gjeldande reguleringsplanar og utbyggingsplan: Fv. 57 Perhaugen – Storehag (planid 143020180001), Espeland, del av gbnr. 110/4 (planid 143020070004), Kårstad transport AS (planid143019970002), Skilbrei (planid 143019970001), Førde - Bruland Pars. A og C (planid 143219850033) Bruland, - gbnr.60/8 (planid 14320021002).

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Detaljreguleringsplan E39 Storehaugen – Førde med plankart og føresegner revidert 01.02.2023, vert vedteke i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12.

Vedtak av ny detaljreguleringsplan vil erstatte delar eller heilt av gjeldande reguleringsplanar og utbyggingsplan: Fv. 57 Perhaugen – Storehag (planid 143020180001), Espeland, del av gbnr. 110/4 (planid 143020070004), Kårstad transport AS (planid143019970002), Skilbrei (planid 143019970001), Førde - Bruland Pars. A og C (planid 143219850033) Bruland, - gbnr.60/8 (planid 14320021002).


Samandrag

Statens vegvesen sitt framlegg til detaljreguleringsplan E39 Storehaugen – Førde har vore til høyring og offentleg ettersyn. Mottekne merknader går i hovudsak på nedbygging og erstatning av landbruksareal, lukking av Lisjebekken på Bruland, massehandtering, kulturminne, drikkevatn, avbøtande tiltak som er avdekka i konsekvensutgreiningane med

meir. Statens vegvesen har endra planframlegget etter høyring og offentlig ettersyn for å kome i møte merknader, og motsegner frå Vestland fylkeskommune og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE). Området ved Espeland er trekt ut av planen slik at motsegna frå Vestland fylkeskommune ikkje vil gjelde for planen som vert lagt fram for godkjenning. NVE har trekt motsegna fordi Lisjebekken på Bruland er endra til ope vassdrag. Kommunedirektøren vurderer at den reviderte detaljreguleringsplanen vil sikre nødvendige areal og føringar for å etablere ny E39 mellom Storehaugen og Førde.

Bakgrunn for saka

Statens vegvesen har utarbeidd og sendt [framlegg til detaljreguleringsplan](#) E39 Storehaugen – Førde til høyring og offentlig ettersyn etter § 3-7 i plan- og bygningslova (pbl) med merknadsfrist den 30. desember 2022.



Kart over viser ny veglinje for E39 frå Storehaugen til Bruland i Førde.

Saksutgreiing

Statens vegvesen har endra planframlegget etter høyring og offentlig ettersyn for å kome i møte motsegner frå Vestland fylkeskommune, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) og innkomne merknader frå andre partar og interessentar. Det reviderte planframlegget vert lagt fram for formannskapet og kommunestyret med kommunedirektøren si vurdering. Kommunestyret i Sunnfjord kommune skal vedta detaljreguleringsplanen etter pbl § 12-12.

Det er utarbeidd planomtale, reguleringsføresegner, reguleringskart, konsekvensutgreiingar, fagrapportar, risiko- og sårbarheitsanalyse med meir. Plankart og føresegner er endra sidan høyring og offentlig ettersyn, og desse vil vere juridisk bindande etter vedtak. Andre dokument er av opplysende art.

Vedtak av ny reguleringsplan vil erstatte heilt eller delar av gjeldande reguleringsplanar og utbyggingsplan som ligg innfor planområdet.

Planomtale

Formålet med planen er å regulere areal til ny E39 mellom Storehaugen og Førde. Strekninga er ca. 9,5 km med ny E39 der 7,5 km er lagt i tunnel mellom Myra og Bruland. Sør for tunnelen vert det eit planfritt kryss, og på nordsida av tunnelen vert ny veg kopla til eksisterande vegnett mot Førde og Skei i ei rundkøyring. Tunnel er regulert med tunnelprofil T14 med 2 køyrefelt i stigninga opp mot Storehaugen og eit felt i retning Førde. Det er sett av areal til mellombels anleggsområde langs veglinja. Det er knytt ulike krav i samband med gjennomføring av planen.

Dei viktigaste endringane etter at planen har vore til høyring og offentleg ettersyn er:

- Avgrensinga av planen er endra ved at område ved Espeland er teke ut av planen, og plangrensa er trekt lenger vekk frå Skilbreivatnet (plankart R4) slik at ein unngår vegetasjonsbelte mot vatnet.
- Lisjebekken på Bruland skal vere open med unntak av der køyrevegane kryssar over bekken, sjå plankart R 15/16 og føresegn 3.4.3.
- Parkeringsplass P2 på Bruland er flytta lenger nord på gbnr 60/14, sjå plankart R15.
- Føresegnene er meir omfattande med fleire krav til gjennomføringa, sjå raud tekst i føresegnene.

Medverknad – merknader

Statens vegvesen orienterte om planframlegget på folkemøte i Førde den 28. november, og dei hadde ein open kontordag den 29. november 2022. Formannskapet handsama saka i møte den 01.12.2022, og har sendt uttale til planframlegget. Svv har gjeve utsett merknadsfrist til Statsforvaltaren og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE).

Det har kome 20 merknader til planframlegget, og eit samandrag av merknadane med Statens vegvesen sine kommentarar ligg ved saka, sjå vedlegg B.

Avsendar til merknad til planframlegget etter høyring	Eigar av gbnr.
Erik Bruland og Ann Kristin Sønnevik	60/8 og 14
Oddvar og Gretha Bruland	60/111
Gunn Berit Bruland	60/13
Egil Nikolai og Trine Lise Sjursæther, Aud Skilbrei	207/1, 2
Roger Barsnes, Nancy Indrebø, Hilde Asperheim	206/13 og 14
Jon Håvard Ødven	209/1
Rune Espeland, Frode Bareksten, Kåre Laukeland	210/1 og 2, 5, 4
Ingeborg Espeland Grinde, Halgeir Grinde, Merete Espeland Gåsvær	210/14, 26
Olaug-Hanne Espeland	210/5
Direktoratet for mineralforvaltning	
Vestland fylkeskommune	
Sunnfjord kommune v/Formannskapet	
DSB	
Statens vegvesen Transportforvaltning vest 1	
Vestland Bondelag	
BKK Nett	

NVE	
Mattilsynet	
NAF	
Statsforvaltaren	

Vestland fylkeskommune og NVE fremja motsegn til planframlegget. Motsegnene gjeld kulturminne og lukking av Lisjebekken på Bruland, sjå vedlegg C.

Den 23.01.2022 vart det halde dialogmøte med Statsforvaltaren, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), Statens vegvesen og kommunen. Statsforvaltaren ynskte å ta opp tema som lukking av Lisjebekken, handtering av massar, oppfølging av avbøtande tiltak i planframlegget, bruk av plan for ytre miljø og føresegnene før dei gav fråsegn til planen.

NVE trekkjer motsegna i brev av 27.01.2023 med bakgrunn i endra planframlegg der Lisjebekken m.a. skal vere open, sjå vedlegg A. Området ved Espeland er trekt ut av planen slik at motsegna frå Vestland fylkeskommune ikkje vil gjelde for planen som vert lagt fram for godkjenning.

Statsforvaltaren viser til at kommunen er planstyremakt, men dei skal bidra til at planen er i samsvar med nasjonale føringar og interesser. Dei er sterkt kritisk til den omfattande nedbygginga av dyrka mark som kan skje med bakgrunn i ein kommunedelplan godkjent i 2013, og ber derfor kommunen og Statens vegvesen vurdere løysingar som reduserer bruken av dyrka mark på Bruland. Dei meiner avbøtande tiltak nemnt i planomtalen, konsekvensutgreiinga og plan for ytre miljø må sikrast gjennom føresegnene slik at dei blir juridisk bindande. Trass i vesentlege innvendingar, finn Statsforvaltaren at det er så viktige samfunnsomsyn ved dette infrastrukturtiltaket, at dei ikkje fremjar motsegn til planen.

Vurdering

Planframlegget sikrar areal til etablering av ny E39 mellom Storehaugen og Bruland i Førde. Tiltaket vil gje betre vegstandard, tryggare og meir effektive trafikkforhold, overskot av steinmassar, endra landskap, nedbygging av jordbruksareal, endra tilhøve for kulturminne, naturmangfald, naturressursar, vassdrag med meir.

Merknadane, som har kome etter høyring og offentleg ettersyn, går i hovudsak på nedbygging og erstatning av landbruksareal, lukking av Lisjebekken på Bruland, massehandtering, kulturminne, drikkevatt, avbøtande tiltak som er avdekket i konsekvensutgreiingane med meir. Merknadane er kommentert av SvV i eige vedlegg B. Kommunedirektøren sine kommentarar kjem fram i vurderingane under.

Det har vore eit mål å få planframlegget vedteke innan utgangen av februar 2023 slik at prosjektet kan kome i posisjon til å bli realisert i løpet av 2024/2025. Dette føreset at det ligg føre ein vedteken detaljreguleringsplan som SvV kan melde inn til statsbudsjettet for 2024. I NTP er prosjektet prioritert byggestart i 2024, med vegopning i 2030 under føresetnad av at det vert sett av midlar. Dette har ført til at det er lagt vekt på rask framdrift av planarbeidet som har verka inn på planprosessen. Statsforvaltaren viser til at det ikkje er greitt med slike fristar uansett prosjekt. Administrasjonen har prioritert dei juridiske bindande dokumenta som plankart og føresegner.

Trafikkløysing

Statens vegvesen (SvV) opplyser at reguleringsplanen legg til rette for at E39 kan vidareførast mot Moskog, men rundkøyning med vegarmane på Bruland må ein rekne med vert bygd om når andre byggesteg mot Moskog vert realisert. SvV må vurdere nærare om

vegen over tunnelportalen på Bruland skal ha trafikk i begge retningar før veganlegga vert ferdig. Det er regulert areal til å dekke dette behovet. Dei viser til at mjuke trafikantar får betre tilhøve enn i dag, og at aktuelle fråvik på vegstandarden er avklara.

Det vert arbeidd vidare med å samordne vegprosjekta på fv57 og E39 på Storehaugen slik at desse m.a. får best mogleg trafikkkløysing, massehandtering og tilpassing til landbruksareala. Det vert arbeidd vidare med nytt/endra planframlegg for fv57.

Statsforvaltaren viser til at alternativ kryssløysing på Bruland burde ha vore meir utgreidd, som t.d. reduksjon og plassering av bremsesone ved utgangen av tunnelen.

Kommunedirektøren vurderer at planprosessen kunne ha vore betre på opplysningar om kva alternativ som er vurdert. Svv viser ofte til krav til standard/vegnormalar slik at det kan virke som om det ikkje er alternative løysingar. Kommunedirektøren viser til at prosjektet er så samfunnsmessig viktig at det ikkje er aktuelt no å sjå på andre løysingar enn det som ligg føre i detaljreguleringsplanen.

Handtering av massar

Det vil bli mykje stein og massar frå anlegget. Delar av massane vil bli brukt til nytt veganlegg i planområdet. Svv er i dialog med Vestland fylkeskommune om bruk av steinmassar til utbetring av fv57 Storehaugen – Perhaugen der det er godkjent reguleringsplan frå 2019. Det vert arbeidd med prosjektet for å optimalisere/avklare behov for masseutskifting og finansiering. Ved ei samordning av ny E39 og utbetring av fv57 kan massar nyttast utan varig mellomlagring. Det er planlagt å nytte massar til opparbeiding av næringsareal på Bruland, og opparbeiding av nytt jordbruksareal. Dette føreset vidare planarbeid som opnar for bruk av massar utanfor planområdet.

Det var planlagt å nytte massar til å forbetre og opparbeide meir jordbruksareal på Espeland, men dette området er teke ut av planen med bakgrunn i motsegn frå fylkeskommunen og uttale frå Statsforvaltaren. Det ser i tillegg ut til at det vert behov for mindre areal til deponi av massar.

Planen sikrar at areal som vert nytta til mellombels lagring av massar vert tilbakeført i den stand det var før lagringa.

Kommunedirektøren vurderer at massane er tilstrekkeleg omtala i planen, men det føreset vidare arbeid med planar og areal som skal ta i mot massane.

Landbruks-/Jordbruksareal

Ny E39 fører til at dyrka mark vert tapt. Noko areal vil bli erstatta ved nydyrking og forbetring av eksisterande jordbruksareal. Dette er vist i plankart og på landskapsteikningar. Detaljprosjektering av veganlegga vil vise om det er mogleg å tilpasse meir areal til jordbruksdrift.

Planframlegget som vart sendt på høyring la til rette for utviding og forbetring av dyrka mark på Espeland. Dette området er teke ut av denne planen og vert handsama i eigen plan, truleg saman med fv57. I området Myra kan noko skogareal erstatte noko av den dyrka marka som går tapt i veganlegget. Det største tapet av dyrka mark skjer på Bruland. Her er det dessverre lite tilgjengeleg areal som kan vinnast inn. Svv har etablert dialog med grunneigar (gbnr 60/8) om mogleg samordning av våningshus og hovuddriftsbygg sør for eksisterande E39.

Reguleringsplanen sikrar at matjorda vert teke vare på og nytta som vekstmedium på jordbruksareal. Mindre verdifulle massar skal nyttast på skråningar. Det skal utarbeidast massehandteringsplan og matjordplan som omtalar korleis massane skal handterast og lagrast. Svv opplyser at dei vil involvere aktuell kompetanse når nydyrking skal planleggast i

detaljprosjekteringa.

Statsforvaltaren viser til at Sunnfjord kommune er fylkets klårt største jordbrukskommune, og har dei siste 7 åra lege klart for høgt når det gjeld omdisponering av jordbruksareal. Dei viser til at veganlegget utgjer ca.3 års forbruk av jordbruksareal for heile kommunen.

Jordbruksareal er ein ressurs som ein må økonomisere med, og generelt er det slik at viss ein legg opp til arealkrevjande planar på eit prosjekt, må ein redusere på andre tiltak. Dei saknar alternative vurderingar i planomtalen som tek betre vare på jordbruksarealet. Dei viser til m.a. reduksjon og plassering av ei «150 m bremsesone» inne i tunnelen i staden for utanfor ville redusere bruk av jordbruksareal på Bruland. Typeteikningar i vegnormalane bør i enkelte prosjekt kunne vike for jordlova og dei klare krava til strengare jordvern. Svv viser til vegnormalar, tryggleik, og kopling til eksisterande hovudveg.

Store delar av ny E39 vil gå i tunnel, men kryssløysingane i dagen vil vere arealkrevjande uansett kva løysing som vert vald. Kommunedirektøren viser til at planprosessen kunne vore betre på vurderingar og opplysningar om kva løysingar som er valde.

Naturmangfald

Konsekvensutgreiingane viser til ei rekkje tiltak som skal bøte på verknadane frå veganlegga. Nokre av tilhøva er sikra i føresegna til reguleringsplanen, medan andre er vist til plan for ytre miljø som SVV skal utarbeide i samband med byggeplan/konkurransgrunnlag.

I uttalen frå Formannskapet er det vist til at det er viktig at tiltak vert sikra i føresegna, og vert sett i verk så tidleg som mogleg. Statsforvaltaren viser til at tiltak, som kjem inn under plan for ytre miljø, må bli juridisk bindande i føresegna. Svv viser til at fleire tiltak er teke inn i føresegna og planområdet er juster for å kome innspela i møte.

Norges vassdrags og energidirektorat fremja motsegn til lukking av ca.190 m av Lisjebekken på Bruland med bakgrunn i verdien til sjøauren i bekken. Dei meiner at fordelane med å lukke bekken ytterlegare for å forenkle landbruksdrifta er avgrensa, sett opp mot ulempene knytt til tapt elveareal. Svv har endra planframlegget slik at bekken berre vert lukka der det er naudsynt for framføring av ny E39, og motsegna er derfor trekt. Kart og føresegn sikrar dette. Omlegging og mogleg tiltak for betring av habitatet vil skje si samråd med NVE og Statsforvaltaren.

Plangrensa ved Skilbreivatnet er trekt minst fem meter lengre vekk frå grensa til naturreservatet, m.a. for å ta vare på vegetasjonsbelte langs vatnet. Statsforvaltaren viser til at det må leggst vekt på å unngå uhell eller uføresette hendingar som kan verke inn på naturreservatet. Dette gjeld også for vassdrag med utløp i Skilbreivatnet.

Det er registrert framande artar i planområdet, og ny føresegn sikrar at dei skal kartleggast før anleggsstart. Det skal lagast ein tiltaksplan for handtering av framande artar som viser kva tiltak som må settast i verk for å hindre spreing av artene.

Kommunedirektøren viser til Svv sin kommentar om at det skal arbeidast vidare med avbøtande tiltak, og sikre at dette vert gjennomført på beste og mest oppdaterte måte.

Kulturminne

Det er funne automatiske freda kulturminne på Bruland og Espeland. Plankart er endra slik at kulturminne på Bruland er vist som føresegnområde. Ny føresegn sikrar arkeologisk utgraving og frigjeving av området før nytt veganlegg vert realisert. Kulturminne på Espeland vert handsama i eiga plan. Området ved Espeland er trekt ut av planen slik at motsegna frå Vestland fylkeskommune ikkje vil gjelde for planen som vert lagt fram for godkjenning.

Landskapstilpassing

Både krysset ved Bruland og på Storehaug blir svært dominerande punkttingrep som vil endre landskapsbiletet i stor grad. Det er utarbeidd landskapsteikningar som skal sikre god forming av areala i og rundt veganlegga. Prinsippa i landskapsplanane/teikningane er gjort juridisk binande i føresegna.

Støy

Nytt veganlegg vil føre til endra støy nivå i områda. Støyrapporten viser at 27 eigedomar kan få støy nivå over grensa som er tilrådd frå det nye veganlegget. Det er ikkje sett konkrete krav til kva tiltak som skal gjennomførast for desse eigedomane. Statsforvaltaren viser til at planframlegget ikkje gjev nok opplysningar til at dei har føresetnad for å ta stilling til om støy vert teke godt nok i vare i anleggsperioden eller når anlegget vert ferdig.

Svv opplyser at plan for ytre miljø skal avklare utforming av permanente støytiltak og eventuelle supplerande støytiltak i anleggsperioden. Dette skal vere i samsvar med retningslinjene som er gjeve i Klima og miljødepartementet sin rettleiar for støy T-1442. Det skal etablerast vollar i området på Myra-Storehaugen som vil dempe noko av trafikkstøyen og innsyn frå E39 til eigedomane.

Kommunedirektøren finn det vanskeleg å gå nærare inn på kva konkrete krav som skal gjennomførast, men viser til at ny føresegn sikrar at permanente tiltak skal vere gjennomført før veganlegget er ferdig.

VA-anlegg

Nytt veganlegg vil føre til at leidningsnettet til det kommunale vatn- og avløpsanlegget på Bruland må flyttast. Mattilsynet peikar på at det er svært viktig med tilstrekkeleg avbøtande tiltak som sikrar at hovudvassleidninga til Førde vassverk vert teke i vare og verna mot negativ påverknad. Brot på nettet vil vere kritisk i høve vassforsyning til brukarane. Føresegna er endra slik at det vert utarbeidd tiltaksplan for sikring, ivaretaking og omlegging av VA-anlegg.

Grunneigar ynskjer at ny pumpestasjon for VA-anlegg på Bruland vert plassert slik at minst mogleg landbruksareal vert nytta. Plasseringa vert ikkje endra no, men SVV og kommunen vil sjå nærare på dette i detaljprosjekteringa.

Private brønnanlegg på Storehaugen – Myra kan bli påverka av tiltaka, og føresegna er endra slik at brønningar som er hovudvasskjelde skal overvakast. Føresegna sikrar at brønningar, som vert øydelagde som direkte følge av veganlegget, vert kopla til ny vassforsyning.

Det er dialog mellom SvV og kommunen for mogleg framføring av vassanlegg frå Bruland til Skilbrei via tunnelen.

ROS

NVE viser til at utgreiingar for potensielle skredfare ikkje er ferdig utarbeidd før planen er sendt på høyring. Dei kan akseptere dette dersom vilkåra i føresegna vert følgd opp. Tryggleik mot skred skal takast i vare i alle fasar av utbygginga etter tiltaksklasse og gjeldande regelverk.

Arealrekneskap/klima

Det er utarbeidd ei oversikt i planomtalen over kor mykje jordbruksareal, myr/våtmark, skog og anna fastmark som vert omdisponert i vegprosjektet.

Svv har estimert at prosjektet vil føre til ein auke i klimagassutslepp på 36000 tonn CO₂ over 40 år samanlikna med å ikkje bygge prosjektet. SvV opplyser at dei har krav om å redusere klimagassutslepp med 50 % innan 2030 for si verksemd. Dei vil arbeide meir med t.d. å redusere anleggsområde/arealbruk, bruke materiale med mindre klimagassutslepp, elektrifisere anleggsdrift for å redusere klimagassutsleppa med meir.

Konsekvensar for kommunen

Kommunen må sikre at det kommunale leidningsnett for vatn og avløp vert lagt om og fungerer tilfredsstillande i anleggsperioden og etter omlegging av E3

Førde, den 03.02.2023

Terje Heggheim
kommunedirektør

Odd Harry Strømsli
leiar areal og byggesak

Behandling i folkevalde organ:

Behandling i Kommunestyret 16.02.2023:

Tillegg (MDG), fremja av Marius Dalin (MDG):

Sunnfjord kommune har eit mål om å vere arealnøytrale og ta vare på verdifulle naturkvalitetar. Vi ber om at det jobbast vidare med å redusere nedbygging av areal, til dømes knytt til kryssløysingane og sjå etter erstatningsareal for tapt natur- og landbruksareal.

Avrøysting:

MDG sitt tilleggsframlegg **fall** med 6 (MDG, SV) mot 38 røyster
Formannskapet si innstilling vart **samrøystes vedteke**

KST-002/23 Vedtak:

Detaljreguleringsplan E39 Storehaugen – Førde med plankart og føresegner revidert 01.02.2023, vert vedteke i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12.

Vedtak av ny detaljreguleringsplan vil erstatte delar eller heilt av gjeldande reguleringsplanar og utbyggingsplan: Fv. 57 Perhaugen – Storehag (planid 143020180001), Espeland, del av gbnr. 110/4 (planid 143020070004), Kårstad transport AS (planid143019970002), Skilbrei (planid 143019970001), Førde - Bruland Pars. A og C (planid 143219850033) Bruland, - gbnr.60/8 (planid 14320021002).

Behandling i Formannskapet 16.02.2023:

Statens vegvesen ved Marius Slinde svara på spørsmål.

Avrøysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **samrøystes tilrådd**

FORM-054/23 Vedtak:

Detaljreguleringsplan E39 Storehaugen – Førde med plankart og føresegner revidert 01.02.2023, vert vedteke i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12.

Vedtak av ny detaljreguleringsplan vil erstatte delar eller heilt av gjeldande reguleringsplanar og utbyggingsplan: Fv. 57 Perhaugen – Storehag (planid 143020180001), Espeland, del av gbnr. 110/4 (planid 143020070004), Kårstad transport AS (planid143019970002), Skilbrei (planid 143019970001), Førde - Bruland Pars. A og C (planid 143219850033) Bruland, - gbnr.60/8 (planid 14320021002).